

TEMA: Setegard og klostergods ④47, Embetsmennene i lokalsamfunnet ④61
KART: ④438

KAPTEINSGARDEN PÅ FET I USKEDALEN

Det halvvalma hovudhuset på kapteinsgarden Fet er bygt i 1775 av JOHAN KOREN DAHL, som var sjef for det nordre sunnhordlandske kompani på Tysnes. Johan var son til MATHIAS DAHL, som slo seg ned på indre Fet i Omvikdalen i 1745, etter at han hadde vore forvaltar ved baroniet i Rosendal i 20 år. Eldste son til Johan, CHRISTIAN LERCHE DAHL, var sjef for det sunnhordlandske kompaniet i Etne.

Hovudbygningen er prega av bergensklassisisme. Den store salen i første høgda har fransk tapet frå omkring 1800. Dei breie golvborda ligg som for to hundre år sidan. Ved sida av salen ligg «baronskammerset»; eit vitnemål om dei sosiale banda mellom «høgestandsfolket» i lokalsamfunnet.

Kapteinsgarden vart freda i 1923.



RUSTUNGANE PÅ SEIM

Den adelege slekta RUSTUNG hadde setegarden sin på Seim. Ved reformasjonen i 1537 måtte erkebisp OLAV ENGELBREKTSSON røma landet, og KRISTOFFER TRONDSSON RUSTUNG førte flåten hans til Holland. Nokre år seinare vart han utnemnd til dansk admiral av CHRISTIAN III, og deltok i krigen mot KARL V. Etter freden fekk han eit stort gods i forlening av kongen, med gardar og landområde både i Danmark og Noreg.

Kristoffer Trondsson var gift med KAREN SKANKE, og dei hadde 8 born som voks opp. Ei av døtrene, ANNA («Skottefrua»), vart i 1560 trulova med den skotske jarlen av Bothwell. Jarlen forlet Anna i Holland, etter å ha brukt opp pengane hennar. Den forsmådde Anna drog seinare til Skottland og var truleg ei tid ved hoffet hos dronning Maria Stuart.

Søstera, ELSA TRONDS, overtok garden Seim. Ho vart gift med den skotske adelsmannen ANDERS MOWAT som budde på Hovland på Tysnes (④198, ④50).

BYGDETUNET RØD OG DØNHAUGSAMLINGA

I 1969 gav Sigurd og Margreta Dønbaug ei samling på om lag 170 kulturhistoriske gjenstandar til Kvinnherad kommune. Dei ønskte at gåva skulle vera kimen til eit bygdetun i Uskedalen. Og slik vart det.



Våningshuset på Rød.

I 1981 vart samlinga flytta til bygdetunet på RØD. Våningshuset er ei 1700-tals røykstove med tilbygd lemstove, eit stabbur, ei smie og ein stall. I dag står det òg ei kvern i tunet, flytta frå Døssland.

Rød har vore i eiga til Baroniet i Rosendal. Til garden høyrde òg tre husmannsplassar. Bøndene på Rød har frå

gammelt av hatt ulike attåtningar: fiske og jakt, notbruk, tønneproduksjon og fraktefart. BRIGT HOLGERSON RØD (1864–1943) var ein dugande smed, og Rødsknivane var kjende vidt omkring.

Tunet ligg vakkert til, omkransa av gamle, freda eiketre, og med utsyn mot Snilstveitøy og Hardangerfjorden. □

HAUGAHUSET OG DUNSTAN SKILBECKS SAMLING

Diktaren JENS TVEDT (1857–1936) vart fødd i Haugahuset på Tveito, og her budde han til han 19 år gammal byrja på Stord lærarskule. I 1904 flytta han til Stavanger, men når han vitja heimbygda si, sat han på lemnen i Haugahuset og skreiv. Huset, ei tømra lemstove med frukthage og steingard omkring, vart bygd av far til Jens, Johannes. Han var underoffiser og heradskasserar.

Kring 1898 vart huset kjøpt av den engelske forretningsmannen J.H. SKILBECK, som hadde stor interesse for bygdekulturen. Han og etterkomarane hans bygde etter kvart opp ei fin samling av gjenstandar og antikvitetar. Nokre av desse kan du sjå i den gamle røykstova (Bakkastova) på Tveito: DUNSTAN SKILBECKS samling. Denne er i privat eige, men Haugahuset har Sunnhordland Museum ansvaret for. Den eine stova er innreidd med Jens Tvedt sine møblar frå tida i Stavanger. I huset finst og manuskript og anna materiale etter diktaren. (④153).

